

PILOT FOR AUKA STUDENTMOBILITET

Bakgrunn

I Stortingsmeldinga om studentmobilitet, *Meld. St. 7: En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning* (vedteke av Stortinget 16. februar 2021) peiker ein på dei positive effektane internasjonale studentmobilitet kan ha for den enkelte student, institusjonane og samfunnet, og at internasjonale studentmobilitet er vesentleg for å nå målet om å heve kvaliteten på høgare utdanning og forskning. Den dåverande regjeringa sitt mål var at halvparten av dei som avlegg ein grad i norsk høgare utdanning, skal ha hatt eit studieopphald i utlandet.

Ved UiB starta ein i januar 2018 piloten for forventede utveksling/aktiv avmelding, og sidan hausten 2019 har ein arbeidd med å rydde plass i studieprogramma til utveksling og framheve utveksling som ein del av studieplanen. I nasjonal målestokk har UiB hatt svært gode utvekslingstal dei siste åra, men andelen som reiser på utveksling varierer veldig frå studieprogram til studieprogram.

I 2021 inviterte difor Studieavdelinga til deltaking i ein pilot for å auke studentmobiliteten ved studieprogram med låg andel utveksling. Dette kan vere program med stort innslag av spesialisering og obligatoriske emne, og mindre innslag av frie studiepoeng. Målet var å utvikle tiltak som støtter opp under Stortingsmeldinga og det den seier om mellom anna kulturendring, at utveksling skal vere godt integrert i studieprogramma, tydelege mobilitetsvindu og aktiv avmelding, tydeleggjering av læringsutbyttet ved utveksling og gode godkjenningssjansar.

Følgande studieprogram melde seg på:

- Profesjonsprogramma i medisin, odontologi og farmasi
- Sivilingeniørprogrammet i havbruk og sjømat
- Bachelorprogrammet i administrasjon og organisasjonsvitenskap
- Bachelorprogrammet i geografi
- Bachelorprogrammet i arabisk
- Bachelor- og masterprogrammet i fransk
- Bachelorprogrammet i historie
- Bachelorprogrammet i teatervitenskap
- Masterprogrammet i bærekraft
- Bachelorprogrammet i pedagogikk

Studieavdelinga koordinerte piloten (Adrian Kjær og Elin Berge Flo ved Internasjonale seksjon/Internasjonalt senter), fasiliterte diverse møte og aktivitetar og losa deltakarane i dei ulike prosessane gjennom det knappe året den varte (frå mai 2021 til januar/februar 2022). Undervegs nytta ein seg også av tenestene til ressursgruppa for prosjekt ved UiB.

Organisering og arbeidsform


Det overordna målet for alle var å utvikle løysingar og tiltak for auka studentmobilitet ved studieprogrammet. Dei påmelde programma hadde kvar si problemstilling, noko som kravde ulike løysingar og tiltak. Det var forventa at studieprogramma la ein god eigeninnsats i prosjektet, at dei stilte med minst *ein* administrativ ressurs kvar (og aller helst ein vitskapleg i tillegg), og at prosjektet var forankra lokalt i fagmiljøet.

Pilotprosjektet la opp til ein brukarorientert arbeidsmetode – ein stegvis prosess der brukarperspektivet er viktig:

- Kartlegging av behov og utfordringar, inkludert å snakke med «brukarane» (altså studentane)
- Utvikle løysingar og tiltak
- Resultat og implementering

Som eit utgangspunkt sette studieprogramma ord på kva visjonar dei har innan studentmobilitet. I kartleggingsfasen gjaldt det å finne ut både kvifor oppslutning om utveksling er låg, og sjå nærare på kva behov brukarane har. I denne fasen gjennomførte nokre av programma undersøkingar både blant studentar og tilsette. Deretter utarbeidde ein adekvate tiltak for å nå mål og visjonar.

Studieavdelinga la til rette for tre samlingar med alle pilotprogramma, og inviterte til individuell rettleiing mellom samlingane:



- **Kick-off:** digital samling. Velkomst ved dåverande viserektor for utdanning, Oddrun Samdal. Alle studieprogramma presenterte seg og si problemstilling. Prosjektleiinga gjekk gjennom arbeidsmetode og korleis ein planla å arbeide.
- **Temasamling:** digital samling. Ein gjekk gjennom ulike tema som var meldt inn som ønskelege på førehand; moglegheiter i Erasmus-programmet, arbeid med

mobilitetsvindu i Arqus-alliansen, Mitt UiB som informasjonskanal, i tillegg til praktiske døme på korleis ein arbeider med kultur for utveksling (Det juridiske fakultet) og internasjonalisering heime (Det psykologiske fakultet).

- **Løysings-workshop:** fysiske heildagssamling, fasilitert av ressursgruppe for prosjekter ved UiB. Erfaringsdeling som reiskap for å kome vidare til løysingar og tiltak og tidsplan for iverksetting.

Brukarorientert metode for å gå fram i denne type prosjekt har vist seg nyttig, og kan anbefalast for andre studieprogram som ønsker å ta ein tilsvarande gjennomgang.

Funn frå prosjektet

Kartleggingsfasen

I fyrste samling låg fokus på problemstillingar – eller iallfall det ein *antok* var problemstillinga på det tidspunktet. Det vart presentert ulike måtar å dykke ned i problemstillinga og finne svar på kvar skoen eigentleg trykker og korleis ein skal gå i gang med å kartlegge. Som hjelp fekk pilotprogramma nokre spørsmål (sjå vedlegg: Starthjelp kartlegging).

Denne fyrste fasen avdekka ulike utfordringar knytt til det å sende studentar på utveksling:

- Strukturelle forhold. Rigid studieplan og mangel på reelt mobilitetsvindu. Altså at studentar må ta spesialiseringsemne på utveksling, noko som kan vere vanskeleg å gjennomføre.
- Manglande kultur for utveksling i fagmiljøet. Blir sett på meir som belastning enn vinst, og ein oppmodar difor ikkje studentar til å reise ut.
- Informasjon: vanskeleg å gje tydeleg og overbevisande informasjon når den som skal rettleie kanskje manglar kompetanse og kjennskap til utvekslingsfeltet.
- Mangel på gode utvekslingsavtaler og avtaler i engelskspråklege land
- Tilsynelatande mangel på interesse frå studentane
- Mangel på administrative ressursar
- Mangel på engelskspråkleg emnetilbod for innreisande studentar. Då er det utfordrande å lage utvekslingsavtalar.

Spørjeundersøkingar

Nokre av pilotprogramma utførte spørjeundersøkingar for å gå meir inn i **kvifor studentane ikkje reiser ut i så stor grad**, og noko av responsen vert presentert i det følgande.

- Ein opplever å ha fått lite informasjon om utveksling.
- Usikker på om fagmiljøet meiner at utveksling er ein fordel, og studentar er sjølve redde for at ein går glipp av læring, og ein ønsker stadfesting frå førelesarar på at utveksling kan vere eit positivt element i utdanninga.
- Utvekslinga er lagt til «feil tid» i studiet

- Kulltilhøyrlighet/redd for å miste kontakt med studievenner
- Utveksling verkar ikkje naudsynt – ein oppnår kompetanse utan å reise ut.
- Logistikken kring det å reise på utveksling er for tungvint
- Det er dyrt å reise på utveksling
- Vil heller tilbringe studietida i Bergen

Vidare spurte ein om **kva som skal til for at ein reiser på utveksling:**

- Vissheit om at det går an reint økonomisk
- At det er moglegheiter for å ta spanande og relevante emne
- Informasjon om arbeidsrelevans og utveksling
- Få høyre gode studenterfaringar frå utveksling
- Grundig informasjon om heile prosessen
- Gode råd om kva universitet som er anbefalt og kva språk det vert undervist på
- Meir informasjon allereie fyrste semester, fordi fristane kjem så brått på
- Hjelp med språkbarrierer
- Informasjon på førelesingar i staden for å sende epostar
- Info-filmer og bruk av sosiale medier

Resultat og tiltak


Etter å ha kartlagt situasjonen, brukte det enkelte studieprogram ein del tid på å utarbeide tiltak og løysingar for sin(e) problemstilling(ar). Dette vart gjort i ein workshop der ein fekk sparre med kvarandre på tvers av studieprogram. Såleis fekk ein lufta problemstillingar med utanforståande og fekk delt erfaringar. Tilbakemeldingane var at dette var nyttig. Døme på tiltak og løysingar som studieprogramma arbeider vidare med på både kort og lang sikt:

Få inn informasjon om dette: [Knytter bånd med fransk universitet \(pahoyden.no\)](http://pahoyden.no)

- **Strukturelle tiltak:**
 - o Revisjon av studieplan
 - o Tilrettelegging av mobilitetsvindu
 - o Tydeleggjere kva semester utveksling bør føregå i
 - o Sjå på nye former for mobilitet, t.d. kortare utvekslingsopphald, twinning og hybride løysingar
 - o Utarbeide engelskspråkleg emnetilbod, for å kunne ta imot innvekslingsstudentar løysingar
- **Informasjon:**
 - o Regelmessige, lokale infomøter om utveksling
 - o Lage temaveljar/betre filtrering av utvekslingsavtalane på nett
 - o Tydelegare avtaletekstar på nett med definerte «pakker» og føremål for utvekslinga
 - o Inspirere og informere allereie i fyrste studieår
 - o Integrere utvekslingsalternativet som ein sjølvsgt del av undervisninga og studierettleiinga
 - o Gje både *fagleg* og *praktisk* informasjon om utveksling
 - o Tilsette studentmedarbeidar som mentor for innreisande studentar

- Utvida bruk av Mitt UiB som informasjonskanal – gjennom heile året
- Legge betre til rette for møte mellom studentar som har vore på utveksling og dei som skal søke om utveksling
- **Samarbeid:**
 - Etablere nye utvekslingsavtalar
 - Gjennomgå/kvalitetssikre eksisterande avtalar
 - Oppnå betre kontakt med partnerar, t.d. gjennom kontaktreiser
 - Utvikle nye former for samarbeid – eit godt døme på dette er fransk og deira [Twinning-program](#)
- **Vidare kartlegging:**
 - Undersøke blant dei vitskapleg tilsette kva som skal til for å fremje utveksling
 - Kartlegge kvar studentar ønsker å reise på utveksling
 - Kartlegge kva som skal til for at studentar reiser på utveksling
- **Praktisk:**
 - Forenkle søknadsprosessen

For å illustrere kva tiltak og handlingar som er naudsynte for å utvikle eit velfungerande mobilitetsprogram, alt etter kva som var problemstillinga i utgangspunktet, prøver vi oss på ei kategorisering langs to dimensjonar – ein som skildrar type utfordring, og ein som seier om motivasjonen/kulturen for utveksling er høg eller låg:



Dei raude programma må i utgangspunktet tilbake til teiknebrettet for å skape moglegheiter. Dei må også stimulere til engasjement frå personalet og få støtte frå leiinga før dei kan gå vidare.

Programma med strukturelle problem, men motiverte studentar og tilsette må finne dei spesifikke løysingane for sine program for å overvinne rigide krav – dette kan vere å definere innhaldet i mobilitetspakker, utvikle djupare samarbeid med nokre utvalde partnerar, eller bruke alternative former for mobilitet for å gje plass til dette i eit elles tettpakka studieprogram.

Programma med låg motivasjon og informasjonsutfordringar må utvikle ein informasjonsstrategi og finne måtar å involvere studentar og tilsette for å auke integreringa, vise fram «salsargumenta» ved å studere i utlandet og gjere mobilitet til ein integrert del av studiet, ikkje berre eitt av mange alternativ.

Til slutt, øvst til høgre, finn vi kategorien «Maintenance», eller *vedlikehald*. Dette er programma som har eit velfungerande opplegg kring mobilitet, sjølv om ein fortsatt må arbeide med å informere, promotere, utvikle partnerskap, prosjekt osv. Men føresetnadane for suksess er på plass! Ved UiB finst det mange program i denne kategorien, men av naturlege årsaker vart ikkje dei med i denne piloten.

Studieavdelinga sine oppfølgingar

Gjennom piloten har Studieavdelinga og pilotkoordinatorar ved Internasjonal seksjon/Internasjonalt senter, fått eit verdfullt innsyn i kva som rører seg i mange av fagmiljøa, kva utfordringar ein møter, og ikkje minst kva behov ein har.

Studieprogramma vart bedne om å gje konkrete tilbakemeldingar om kva dei kunne trenge at sentralnivået ved UiB bidrog med, og mange av tilbakemeldingane går på behov for kompetanseheving innan studentmobilitetsfeltet. Det kan gjelde heilt grunnleggande ting, som informasjon om når og korleis ein søker om utveksling, og kvar ein kan lese seg opp om dette. Og det kan gjelde meir kompliserte prosessar, som t.d. kompetanse om avtaleinngåing og avtaleforvaltning, og dette med å ta kontakt med potensielle partnerar.

Vidare vart det ytra ønske at ein i større grad kan nytte Internasjonalt senter som sparringpartner i faglege diskusjonar.

Basert på dette vil Internasjonal seksjon ved Studieavdelinga sette i gang følgande tiltak:

- Møte med internasjonale koordinatorar ved fakulteta minst ein gong i året, for erfaringsutveksling og diskusjon kring aktuelle saker
- Utvida møte med internasjonale koordinatorar og studierettleiarar to gongar i året med eit meir spesifikt fagleg innhald (som døme kan ein her nemne seminaret om avtaleinngåing som vart arrangert av Internasjonalt senter 3. mai – med oppmøte av kring 30 medarbeidarar frå fakultet og institutt)
- Tilbod om «kursmodular» om diverse tema innan studentmobilitet – kanskje knytt opp mot KUSK
- Utvikling av rettleiar for auka studentmobilitet på tilsettsidene